

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Dykkar ref: 17/1439-47
Vår ref: 2019/270725
Dato: 20.12.2019
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



Klage på vedtak

Mattilsynet viser til motteken kopi av brev frå Sogndal kommune datert 4. desember 2019, Detaljreguleringsplan gbnr. 85/8, m.fl. på Hagastrondi på Fimreite – fritidsbustader – Melding om vedtak. Klagefrist er 28. desember 2019.

Mattilsynet nyttar retten til å klage på følgjande vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for gbnr. 85/8 m.fl. Hagastrondi på Fimreite - Fritidsbustader slik det går fram av plankart dagsett 27.8.19 og føresegn dagsett 7.10.19 jf. §12—12 i plan- og bygningslova.

Med *følgjande* endringar i føresegnene:

- Punkt 3.1 d) skal lyde: «Maks mønehøgde skal vere 5,5 m. Møneretning skal vere parallell med kotene».

Bakgrunn for klagen:

Mattilsynet klagar fordi Sogndal kommune har vedteke detaljreguleringsplan for fritidsbustader på Hagastrondi på Fimreite utan at heilheitleg plan for vatn og avlaup, heretter VA-plan, er omtalt.

Viser til Forskrift om vannforsyning og drikkevann § 26 om kommunen sin plikter. Der går det fram at kommunen skal ta hensyn til drikkevatt i plansaker.

I denne aktuelle saka, Detaljreguleringsplan gbnr 85/8 m.fl på Hagastrondi på Fimreite-fritidsbustader, har ikkje Mattilsynet vore på høyringslista. Det går fram av dokumentasjonen at saka starta i 2017. Mattilsynet vart merksam på saka gjennom media i oktober 2019 og tok kontakt med kommunen.

Mattilsynet viser til brev til Sogndal kommune datert 17. august 2017 med tittel «Areal- og reguleringsplaner i kommunane og Mattilsynet som høyringsinstans». Det går fram av brevet at Mattilsynet skal få plansaker til høyring mellom anna i tilfeller med utbygging el.l der vassforsyning må greiast ut og dokumenterast.

Via mail til Sogndal kommune den 30. oktober 2019 vart Mattilsynet informert om at utbyggjar planlegg etablering av tre små private vassforsyningssystem (totalt fire borebrønner) for levering av drikkevatt til dei 15 hyttene på Fimreite. Mattilsynet forventar at detaljert VA-plan med informasjon om løysingane var ein del av saksdokumenta, men dette er ikkje omtalt.

I dokumenta i saka er det ingen omtale av vassforsyninga til hyttefeltet. Det er t.d ingen opplysning om brønner er bora, kapasitet, vasskvalitet, behov for vassbehandling, plassering av brønner, eventuelle pumpestasjonar, eventuelle basseng, og leidningsnett. Nedslagsfelt til brønner, hensynssoner, byggjegransar for å sikre avstand til drikkevasskjelder eller tilsigsområder for drikkevatt er ikkje omtalt. Det er ingen omtale av om der er eksisterande vassforsyning i området som ein må ta hensyn til. Ingen omtale av plassering av brønner og andre VA-installasjonar i forhold til rasfare i området.

I VA-plan (vedlegg 7) er det berre kart med oversikt over leidningsnett for overvatt.

Det går fram av dokumentasjonen i saka at Sogndal kommune sin VA-norm skal bli lagt til grunn ved utarbeiding av VA-plan og at det i samband med byggesøknad må bli utarbeidd VA-plan for hyttefeltet.

I vedlegg 14 i saka, Reguleringsføresegner for detaljreguleringsplan Hagastrondi på Fimreite, kapittel fire punkt 4.6 VA-anlegg står følgjande:

Saman med søknad om tiltak skal det leverast ein samla plan for vatn, avlaup og sløkkevatn for aktuelt utbyggingsfelt. Planen skal vise at funksjonskrava i lov og forskrift vert ivareteke, og at det ikkje er fare for forureining i naturreservat og naturtype innanfor omsynssone for bevaring av naturmiljø. Ordning for sløkkevatn må vere dokumentert før byggeløype vert gjeve.

Sogndal kommune har i kommunestyret 14.11.2013 vedteke «Føresegner til arealdelen av kommuneplanen». Viser til vedlegg 1, kapittel II Føresegner og retningslinjer til arealføremål, del 2-1 Fysisk utforming av bygningar og anlegg punkt b) Fritidsbustad punkt 6. Der står at: **Plan for vatn og avlaupsløysing skal leggjast fram for handsaming samtidig med reguleringsplan. Inntil godkjent kloakkløysing ligg føre vert det ikkje tillate å leggje inn vatn i hytte.**

Norge har sett mål for betre vasskvalitet under protokollen for vatn og helse, som er ein internasjonal avtale. Målet er at drikkevattnet vårt skal vere trygt.

Nasjonale mål for vann og helse vart vedteke av Regjeringa 22. mai 2014. Kommuneplanar og reguleringsplanar skal leggje denne til grunn. Det går fram av del c i Nasjonale mål for vann og helse at «**Kommunene i planarbeidet bør vurdere om det er mulig å etablere felles vannforsyning i områder som er preget av utilfredsstillende separate løsninger eller små fellesanlegg**».

Sogndal kommune har informert Mattilsynet om at det er snakk om tre private vassforsyningssystem som skal levere drikkevatt til dei 15 hyttene.

Tre vassforsyningssystem vil vere meir krevjande å drifte enn eit. Mattilsynet minner om at Forskrift om vannforsyning og drikkevann vil gjelde for alle tre vassverka og stille krav om registrering, farekartlegging/farehåndtering, leveringstryggleik med driftsplan og beredskapsplan, beskyttelsestiltak, prøvetakingsplan/prøvetaking og eventuell vassbehandling dersom farekartlegging og kvalitet på råvatn viser at det er behov.

I vedlegg 13 i saka, side fem om risiko og sårbarheit, står følgjande:

Brannberedskap har vore eit tema i planprosessen. Nye hyttefelt bør i utgangspunktet planleggast med uttak for sløkkevatn. Framleggsstillar viser til at brannberedskapen på Fimreite tradisjonelt vert løyst med sjøvatn i gyllevogn. Sogn brann og redning har uttalt at ei moglegheit som kan akseptast er ei «delt løysing» med noko vatn i **hyttefeltet sitt vassverk**, tankbil og eventuelt open vasskjelde.

I teksten ser det ut som Sogn brann og redning går ut frå at hyttefeltet skal bli forsynt med drikkevatt frå eit fellesvassverk, og at dette vil ha kapasitet til å levere sløkkevatn.

Detaljreguleringsplanen inneheld ingen informasjon om vassforsyning, ikkje informasjon om det t.d skal vere høgdebasseng med bufferkapasitet på drikkevatt eller om grunnvassreservoar, pumper, leidningsnett vil ha kapasitet for sløkkevatt.

Rettleiingar om tema:

I **Norsk vann** sin rapport B22 - 2018, Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling, går det fram at det er naudsynt å tenke vatt og avlaup i arealplanlegging for å sikre god oversikt over dei ulike fagområda og ta gode val om drikkevatt tidleg i prosessen. Kommunen skal løyse vatt og avlaup heilheitleg i arealplanlegging.

Det går i tillegg fram av rettleiaren at: «Byggesak» har avgrensa med virkemiddel til å rette opp i manglande/dårleg arealplanlegging, så i verste fall kan løysingane bli dårlige.

I **Temaveilederen til Mattilsynet, Drikkevannshensyn i kommunalt, regionalt og statlig planarbeid**, går det og fram at kommunen må sjå til at det vert teke tilstrekkeleg hensyn til drikkevassforsyning i kommunen generelt og ved planlegging av nye tiltak.

Oppsummering

Sogndal kommune har vedteke detaljreguleringsplan for det planlagte hyttefeltet på Hagestrondi på Fimreite utan at heilheitleg VA-plan er lagt fram og handsama i planprosessen.

Mattilsynet påpeikar at heilheitleg løysing for vatt og avløp ikkje er omtalt i detaljreguleringsplanen sjølv om kommunen sin vedtekne arealdel til kommuneplan frå 2013 krev det. Forskrift om vannforsyning og drikkevann § 26 om kommunen sine plikter stille krav til at kommunen tek drikkevasshensyn i plansaker.

Det går ikkje fram av dokumentasjonen at det er plan for etablering av tre private vassforsyningssystem for levering av drikkevatt til 15 hytter som ligg relativt nær kvarandre. Det vert planlagt tre små vassforsyningssystem sjølv om Nasjonale mål for vann og helse sterkt oppmodar til at fellesanlegg skal bli bygd.

Med helsing

Bente Elisabeth Lien
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*